



ULLENVANG FJELLSTYRE



Figur 1: Øvsta Bjørnavatn på Ullenvang statsallmenning i august 2024

ÅRSMELDING 2024



Innhold

Ullenvang statsallmenning	3
Ullenvang fjellstyre 2024-2027	3
Hardangervidda fjellopsyn	3
Aktivitet i 2024	3
Fjellstyrehytter	8
Reinsjakt	9
Elgjakt	12
Småviltjakt	12
Fiske	12
Økonomi	13



Ullenvang statsallmenning

Ullenvang statsallmenning ligg i Ullenvang kommune, i Vestland fylke, og er på om lag 819 km². Størstedelen av statsallmenningen ligg i Hardangervidda nasjonalpark.

Ullenvang fjellstyre 2024-2027

Medlem:	Vara:
Jarle Rasmussen (leiar)	Jarle Vangen
Per Helge Sekse (nestleiar)	Geir Utne
Anette Torvund	John Helge Rasmussen
Britha Sandal	Evelyn Sekse Haustveit
Jonas Aakre	Jon Kråkevik

Fjellstyret hadde i 2024 tre møte. Det blei handsama 33 saker.

Fjellstyret informerer om vedtak på heimesida www.hardangervidda-fjellstyra.no. Her blir det også informert om jakt, fiske, hytteutleige med meir. Inatur blir brukt til sal av jakt og fiske, og hytteutleige.

Styremedlem i Fjellstyra på Hardangervidda: Jarle Rasmussen (vara: Anette Torvund)
Representant i villreinutvalet: Jonas Aakre

Hardangervidda fjellopsyn

Hardangervidda fjellopsyn (HF) er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda. HF utfører sekretærtenester og felttenester for Ullenvang fjellstyre. Sekretærtenestene blir utført av Eirik Vethus Dørheim. Av felttenester blir det utført fiskeoppsyn, jaktoppsyn og generelt tilsyn på hyttene, samt andre skjøtsel-oppgåver i statsallmenningen.

Aktivitet i 2024

Det har vært stor aktivitet og gjennomført mykje bra arbeid på hyttene og elles i statsallmenningen i 2024, dette omfattar mellom anna:

- Generell transport av ved og gass inn til hyttene og boss ut frå hyttene.
- Generell vask og rydding av/på hytter.
- Det er kjøpt inn nokre fleire garn som er plassert ut ved hytter og ved dei vatna ein har plassert ut båtar og garn i tønner dei siste åra. I tillegg er det nå lagt ut flytevestar i tønne ved båtane.
- Service på båtmotorane som vi har til utleige (Belebu, Raudåna, Persbu, Bjørnavassbu og nå Naustet)




Båtvrekprosjektet

Ullenvang fjellstyre har tatt del i «Båtvrek-prosjektet» finansiert av Handelens miljøfond. Prosjektet går ut på å fjerne båtvrek og ureiningar frå statsallmenningane..

Det er gjennom 2024 gjennomført kartlegging, registrering og klargjering av båtvrek, som vil kunne bli transportert ut.

Det er fleire gamle båtvrek som det uvissheit rundt kven eigaren er. Desse er markert i kartutsnittet under:



Fjellstyre ynskjer tilbakemedling på om nokon eig eller har kjennskap til desse båtane. Ta kontakt så finn ein ei ordning på

Fjellstyre ynskjer også tilbakemelding om nokon veit om andre båtvrek, eller anna søppel/ureiningar som er på statsallmenningen eller i nærleiken av statsallmenningen.

Ta kontakt på epost: ullenvang@fjellstylene.no eller tlf: **48270778**



Figur 2: Båtvrek rundt om i statsallmenningane skal ryddast opp i, meld gjerne fra om dykk veit om vrak i fjellet.

Arbeid som er blitt gjort på hyttene i 2024:

Ullsbu:

- Rydda og vaska inne.

Rogdabu:

- Mur/framvegg vart riven og sett opp at på nytt på solid fundament.
- Ny dør vart sett inn i samband med restaureringa.

Naustet v Nedsta Krokavatn:

- Rydding i naustdelen.
- 4 nye stolar er køyrd inn.
- Skifta brennekroner på komfyr.

Bjørnavassbu:

- Rydda bålsplass



Persbu:

- Lagd og transportert inn vedkassar.
- Oppgradert/ferdigstilt toalettbygg innvending.

Raudåna:

- Ny sofa i kvar avdeling.
- 2 nye båtar er transportert inn.
- Beisa 2 veggar på hytta
- Vask av hytta.

Belebu:

- Transport av material til nytt naust.
- Riving og bygging av nytt naust.
- Installert koparrøyr frå utvendig gass skåp og gjennom vegg til kjøkenavdeling.
- Skrifta brennekroner på komfyr i stor avdeling.

Holmavatnet:

- Lagd og køyrd inn vedkasse.

Langavassbu:

- Beising av hytta, og malt benker.
- Transportert inn båtmotor, garn, nye årer.
- Opprydding av avfall og gammalt material.
- Laga oppheng for garn og båtmotorar i naustet, samt klargjering av garn med tau og blåser.
- Steinsatt og lagt stein ved gavlvegg.
- Rydding av busker rundt solcelleanlegg.
- Rydda naust
- Vask av hytta



Figur 3: Rogdabu under og etter restaureringa. Eit veldig bra arbeid som vart utført av Jan Asbjørn Utne, Vidar Hauso og Knut Utne.



Figur 4: Nauste på Belebu vart rive og eit nytt vart sett opp på same stad i somar. Eit veldig bra arbeid som vart utført på dugnad.

Fjellstyrehytter

Ullenvang fjellstyre har 11 hytter i statsallmenningen. I tillegg har fjellstyret eit naust ved Øvsta Krokavatnet, og steinbua Kollsbu. [Kart med oversikt over hyttene som er i bruk.](#)

Fjellstyrehytter:

- Ullsbu (Hansbu)
- Rogdabu (Hansbu) - steinbu
- Oppsynshytta på Hansbu (leigd ut til Hardangervidda Fjelloppsyn)
- Naustet (Nedsta krokavatnet)
- Belebu
- Bjørnavassbu
- Langavassbu
- Holmavatnet - steinbu
- Raudåna
- Raudåna – oppsynshytta
- Persbu - steinbu
- Kollsbu - steinbu



Fjellstyrehytte har blitt leidt ut til jakt, fiske og friluftsliv i perioden 1. juli til 31. oktober. Prisen for å leige har vore 100,-pr. person pr. døgn (dobel pris for utanbygdsbuande). For steinbuene har prisen vore 90,- (180,-).

Utleie av hyttene har foregått med søkerfrist for leige av hyttene i sommarvekene og i reinsjakta, med tildeling der innanbygdsbuande er prioritert. Etter tildeling har hyttene blitt leidt ut via Inatur.

Hytteutleige utgjorde 180 702,- i 2024.



Figur 5: Under stengerunden i oktober såg ein at vindauge på Ullsbu stod åpne. Det er viktig at brukarane er obs på å alltid lukke alle vindauge når dei går frå hytta.



Figur 6: Båtane ved Naustet ved Nedsta Kroavatnet var dessverre ikkje dratt skikkeleg opp. Fjellstyre gjer merksam på at brukerane av båtane dra båtane godt opp og fortøyde dei. Hugs å legge dei med kjølen opp, samt legge årer og åregafflar under båtane.

Reinsjakt

Villreinkvota for Hardangervidda i 2024 var på 3500 dyr. Det var berre tildelt kort i kategorien vaksen bukk 2,5 år eller eldre. Ullenvang fjellstyre sin del av kvota var 361 kort. I tillegg kjem 27 kort med tilgang på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen som fjellstyret tildeler til jegerar med innanbygdsbuande-status tilknytt gamle Ullenvang herad. Det blei tildelt kort til 181 innanbygdsbuande og 61 utanbygdsbuande. Jakttida var 20. august til og med 22. september.




Det var samjakt mellom fjellstyret og alle private vald i gamle Ullensvang herad og Odda kommune utanom vald i Røldal, for jegerar med kort på Ullensvang statsallmenning, frå og med 2. september og ut jakta.

Det var samjakt med Røldal statsallmenning for innanbygdsbuande jegerar frå og med 2. september. Avtalen gjaldt deler av statsallmenningen.

Prisen for reinskarta blei sett til 1.500 pr kort til innanbygdsbuande, 3.000 pr kort til utanbygdsbuande. Netto omsetnad for sal av reinskort var 675 534 , -.

Felling:


Det blei felt 46 dyr på korta til Ullensvang fjellstyre, og 2 dyr på korta på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen som var tildelt innbyggjarar i gamle Ullensvang herad. Det gir ein fellingsprosent på på fjellstyret sine eigne kort.




Figur 5: Fordeling av fellingar gjennom jakta 2024.



Fellingsresultat Ullenvang statsallmenning 2005-2024



Figur 6. Tal felte dyr på korta på Ullenvang statsallmenning 2005-2024.



Figur 9: Possisjonar av GPS - merka dyr henta i perioden 20.08 - 22.09.2024. Henta frå dyrepossisjonar.no



Elgjakt

Ullenvang fjellstyre administrerer elgjakt på eit vald i Ullenvang statsallmenning. Elgjakta blir leidt vekk til eit jaktlag for to år i slengen. Jakta er konsentrert rundt Hansbu-Bjørnavassområdet. I 2024 var kvota på ein okse, ei ku og ein kalv.

Det blei felt ku, kalv og ein 1,5-årig okse.

Småviltjakt

Fjellstyret har hatt fritt kortsal av småviltjakt i 2024. Korta er å få kjøpt på Inatur.no. Det har blitt selt 133 kort, fordelt på dagskort, vekeskort og sesongkort som vist i tabellen under.

	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Dagskort	13	87
Vekeskort	10	13
Sesongkort	1	2
Smårovvviltkort		7

Netto omsetnad av småviltjakt var 47 233,-.

Fiske

Ullenvang fjellstyre sel fiskekort gjennom Inatur.no. Det er selt 403 fiskekort for Ullenvang statsallmenning i 2024. Av desse er 138 fiskekort for innanbygdsbuande (garnkort). Tilsvarande tal for 2023 var 357 selde kort (122 fiskekort for innanbygdsbuande).

Det er selt 312 fellesfiskekort, fordelt på 270 vekeskort og 42 sesongkort. Netto omsetnad var 185 850,-. Ullenvang fjellstyre sin del av omsetnaden var 80 467,-.

Det er selt 12 vekeskort for garnfiske for utanbygdsbuande. Kortet gjeld for nokre av vatna på statsallmenningen der det med fordel kan fiskast meir. Det blir opna for sal av inntil 20 vekeskort i året.

Netto omsetnad for fiskekort var 197 346,-.



Økonomi

Fjellstyret hadde i 2024 ein omsetnad på 1 911 862,-. Utgiftene var på 1 636 507,-.

Fjellstyret er tildelt fyljande gåver i løpet av året:

	Føremål	Sum
Grunneigarfondet	Solcelleanlegg til drift av fryseboks på fjellstyrehyttene	63 361,-
Ullenvang kommune	Fiskekultiverings tiltak	40 000,-
Vestland fylkeskommune	Fiskekultiverings tiltak	15 000,-
Sparebankstiftinga Hardanger	Opprydding i gamle og innkjøp av nye båtar	200 000,-
Sparebankstiftinga Hardanger	Arrangering av jegerkafé 14 august	30 000,-